



VELKOMEN TIL VESTBYGD SFO

No er det skulestart og vi vil ynskje velkommen til både "nye" og "gamle" SFO-born.

Nokre har allereie gått ei stund, men dei fleste byrjar no ved skulestart.

Dei som skal arbeide på SFO dette året er: May Britt Husa, Camilla Raa, Tone Jordal, Ann Kristin Hannisdal, Rigmor Skurtveit, og Audhild Knarvik.

Det er 47 born påmeldt SFO.

Alle på 1.-4. trinn har lik start og sluttid på skulen. Skulestart alle dagar kl 8.30.

Skuleslutt kl 12.45 mån-, tors- og fredag og kl 14.15 tys- og onsdag.

Alle SFO barna vil gå i ei gruppe som held til på småskuleavdelinga. Vi vil dele opp i mindre grupper ved aktivitetar og måltid.

Borna må ha liggjande ekstra klede på skulen som dei kan nytte på SFO.

Vi er ute kvar dag, så dei må kle seg etter veret.

Viktig: Hugs å skrive namn på føttøy og klede. Bruk gjerne sprittusj og skriv på alle lappar.

Borna må ha joggesko når dei går i gymsal med SFO. Desse kan dei og bruke i gymtimar og til innesko. Alle må ha innesko m/ namn. Vil ha faste tider for bruk av gymsal etter kvart.

Dagsrytme.

Morgon. Frileik. Dei som vil ete frukost må ha med mat til det. Dei et stort sett når dei kjem om morgenon. Alle går ut til kl 8.15 slik at lærar får gjere klart til skulestart i klasserom.

Etter skule: Tysdag og onsdag må dei ha med matpakke og drikke til SFO måltidet. Dei et då i klasseromma rett etter skuleslutt kl 14.15. 4.kl går til 3.kl. sitt rom og et saman med dei.

Måndag, torsdag og fredag er det mat på skulekjøkkenet. Ein dag varm/ annleis mat, ein dag brødmat og ein dag frukostblanding.

1. kl et først rundt kl. 13, så 2.kl og til slutt 3.+4. kl.

Etter mat leikar dei inne eller ute, eller gjennomfører ulike aktivitetar.

Fint om alle har ei drikkeflaske i sekken. Dei kan fylle på vatn her på skulen og drikke når dei vert tørst.

Ny meldingsteneste.

Det er no ein ny foreldreportal i Visma som skal takast i bruk. Det er sendt ut informasjon om denne frå skulen.

Beskjedar om at borna ikkje skal på SFO, skal vere med andre heim eller sendast til anna tid enn vanleg, registrerast i Visma – anten via app eller i

Føresettpornalen.

Faste avtalar er å føretrekkje. Meldingar må seinast leggjast inn før kl 10 same dag. Det er heilt nytt for oss og alt er ikkje på plass enno. **I ein overgang ynskjer vi at de sender ein SMS melding til SFO mobilen med same melding for å sikre oss at det nye systemet fungerer.**

Dersom barnet ikkje skal nytta SFO tilbodet som avtalt må vi ha melding om det.

Eigne leikar anbefaler vi at borna held heime. Dette av di vi opplever at det lett vert konfliktar og uro rundt private leiker, i tillegg kan dei verte øydelagte.

Foreldremøte vert arrangert same dag som skulen arrangerer foreldremøte for 1. kl. Det kjem innkalling.

Påmelding til feriar vert sendt ut link med svarfrist ca. 3 veker før kvar ferie.

Er det noko du lurer på så ta kontakt. Personalalet er pålagt vanleg teieplikt.

Tlf. til SFO er mob 40907662

Vestbygd skule 17.08.23

Helsing Audhild Knarvik
dagleg leiari